

# UTSKRIFT AV MØTEPROTOKOLL

## JORAMO BYGDEALMENNING

**Dato:** 12.10.2022

**Sak nr.:** 32/2022

**Saksbehandlar:** Narve Tveiten

**Særutskrift:** Per Ivar Brækken, e-post

### **Sak nr. 32/2022 Søknad om utvisning av seter til Søre Brekka; gnr./bnr. 4/2 i Dovre.**

Sakspapir: - E-post av 04.10.2022 frå Per Ivar Brækken vedlagt uttale frå landbrukskontoret for Lesja og Dovre og kart.

#### Saksutgreiing:

Per Ivar Brækken søker om å få utvist seter til Søre Brekka på Nysetre vest for seter til Soleglad. Eigar av Soleglad er Per Arne Brækken. Per Ivar og Per Arne er syskenbarn, og dei samarbeider mellom anna om sanking.

I søknaden er det gjort greie for behovet for seter:

"På gården har vi både stor- og småfe, og med mange beitedyr på Dovrefjell fra juni til september, ser vi et stort behov for seter og kve. Denne vil da brukes til både beteslipp, tilsyn, sanking, opplasting og sortering av dyr. Det vil kunne spare oss for mange turer i bil.

Vi i år sluppet 270 sauer og lam som har gått i fjellet i sommer. I tillegg bygges det nå løsdriftsfjøs til ammekyr hjemme på gården, der blir det plass til 27 mordyr med framføring av ungdyr. I sommer har vi sluppet 40 storfe på Dovrefjell. Det omfatter både kyr, kalver og kviger. Dette vil øke til ca 50."

I § 6-4 i lov om bygdeallmenninger står det:

" Eiendom med tilliggende bruksrett i bygdeallmenning, jfr. § 2-1, har rett til å få utvist seter i allmenningen – enten alene eller sammen med andre (fellesseter) – når det godtgjøres at seter er nødvendig for driften av eiendommen.

Utvisning etter første ledd foretas av allmenningsstyret. Det er et vilkår at utvisning kan skje uten vesentlig skade for skogen eller for de øvrige bruksberettigede, og at utvisning heller ikke vil være til

hinder for en hensiktsmessig inndeling og utnyttelse av beitet."

I § 6-4 er det vist til § 2-1 (vilkår for bruksrett). Her står det:

" Bruksrett i bygdeallmenning ligger til jordbrukseiendommer innen det bygdelag som fra gammelt av har utøvd bruksrett i allmenningen.

Med jordbrukseiendommer forstås eiendommer som etter dyrket areal, beliggenhet, bebyggelse og bruk har karakter av jordbruk. For bureisingsbruk stilles det ikke krav om eksisterende bebyggelse."

Det er ingen tvil om at Søre Brekka oppfyller vilkår for bruksrett i Joramo bygdeallmenning, som i dette tilfelle gjeld rett til beite og seter.

I "Bruksreglar for Joramo bygdeallmenning" står det i punkt 6.4 Seter:

"Styret bør ha et langsiktig perspektiv på håndhevelsen av seterretten.

Allmenningen skal engasjere seg i å holde de gamle setergrendene vedlike.

Eiendom med tilliggende bruksrett har rett til å få utvist seter i allmenningen, enten alene

eller sammen med andre når det godtgjøres at seter er nødvendig for driften av eiendommen. Utvisning foretas av allmeningsstyret. Nedlagte og bortfalte seterkvever søkes utnyttet hvis det for øvrig ligger til rette for det.

Utvist seter gir ikke generell rett til å oppføre seterhus. Før oppføring og vedlikehold av seterhus skal søknad på forhånd være forelagt styret. Styret kan gi tillatelse til vedlikehold av seterhus som ikke lenger er nødvendig for eiendommens jordbruksmessige behov, for eksempel når bevaringshensyn tilsier det."

I "Reglar for seterbruk i Joramo bygdeallmenning" (vedteke av styret 12.06 1997, siste endra 21.05.2014), står det i punkt 1:

"Rett til å ha seter i ålmenningen er ein bruksrett som følgjer garden. For å få utvist seter krevst godgjort at seter er nødvendig for drifta av garden. Det skal krevjast uttale frå landbruksstyresmaktene når det gjeld spørsmålet om behovet for seter. Det er likevel ålmeningsstyret som avgjer om det skal utvisast seter eller ikkje, og kva som skal krevjast av dokumentasjon for ålmeningsstyret si vurdering.

Seterutvisninga omfattar rett til å drive seterbruk, tomt til naudsynte hus og areal til kve avgrensa til 5 dekar. Areal utover dette må i tilfelle visast ut som tilleggsjord med leigeavtale. Søknad om seterutvisning skal leggast ut til ettersyn for andre bruksrettshavarar saman med uttale frå ålmeningsstyret. Innkomne merknader skal så behandlast før ålmeningsstyret gjer endeleg vedtak.

I vilkåra for utvisning skal ålmeningsstyret ta stilling til:

- kva slag og kor mange hus som trengst for ei rasjonell utnytting av utvist seter
- storleik og utsjånad av hus
- om husa glid naturleg inn i mogleg gamalt setermiljø
- andre vilkår (inngjerding, eventuell riving av hus som alt står m.v.)

Er det aktuelt å krevje bebyggelse fjerna, har ålmeningsstyret plikt til å gje melding til kulturmyndighetene etter kulturminnelova."

Det er innhenta uttale frå landbrukskontoret for Lesja og Dovre som støttar søknaden.

#### Innstilling – framlegg til uttale frå styret:

1. Styret meiner søknad frå Per Ivar Brækken om utvisning av seter til Søre Brekka gnr./bnr. 4/2 i Dovre oppfyller krav etter Lov om bygdeallmenninger, bruksreglar for Joramo bygdeallmenning og reglar for seterbruk i Joramo bygdeallmenning, og kan innvilgast etter nærmare vilkår.
2. Saka blir lagt ut til ettersyn med annonse i Vigga og innlegg på vår heimeside.

#### **Vedtak:**

1. ***Styret meiner søknad frå Per Ivar Brækken om utvisning av seter til Søre Brekka gnr./bnr. 4/2 i Dovre oppfyller krav etter Lov om bygdeallmenninger, bruksreglar for Joramo bygdeallmenning og reglar for seterbruk i Joramo bygdeallmenning, og kan innvilgast etter nærmare vilkår.***
2. ***Saka blir lagt ut til ettersyn med annonse i Vigga og innlegg på vår heimeside.***
3. ***Styret vil foreta befarung på Nysetra 14.11.2022.***

**Rett utskrift:**

Narve Tveiten

Utskrift oversendt elektronisk utan signatur: 21.10.2022